

HOLMGANG

1900 BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER 2000

Nr. 1

14. Januar 2000

Årgang 28

ÅRSMELDING 1999

for
BONDEUNGDOMSLAGET
i
STAVANGER
Skipa 21. september 1900

Bondeungdomslaget er lokallag av Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag gjennom fylkeslaga, og Norske Lagsbruk

Bondeungdomslaget eig lagshuset i Rektor Oldensgt. 17, og lagshytta på Giljastølen.

Bondeungdomslaget har desse særlaga: Leikarringen
Teaterlaget «Timian»
Barnelaget (dans og teater)

I tillegg har me hatt desse gruppene:

BUL-veteranane
PUH-gruppa
Ungdomsteatergruppa

Bondeungdomslaget sitt **lagsbruksstyre** forvaltar eiga og står for drifta av eigedomane.

Bondeungdomslaget har dette året hatt desse nemndene:

Studienemnda organiserer kursverksemda i laget.

Hytte- og turnemnda står for drifta av hytta.

Redaksjonsnemnda gir ut lagsbladet «Holmgang»

Hovudnemnd for **Brukskunstmesse**

HOLMGANG

Gode medlemmer.

Redaktør:

Anna Motland

Redaksjonsmedlemer:

Birgit Aadland

Monica

Sanne-Gundersen

Barbro Vanvik

Fred Jensen

Utgjevar:

Bondeungdomslaget

Trykk:

Bondeungdomslaget

Dette nummeret omfattar endeleg innkalling til årsmøte med sakliste, og årsmeldingar frå hovudlaget, særslag og nemnder.

Sjølve innkallinga til årsmøtet som i år er torsdag 10. februar, sto òg i «Holmgang» nr. 5 - 99 så alle medlemene er varsla i god tid.

Årsmøtet er det høgste organet i laget. Alle over 14 år og som har betalt medlemspengar for 1999 har røysterett på årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført når minst 1/10 av medlemene er tilstades, men likevel aldri mindre enn 20 medlemmer.

Med 217 medlemmer, må me difor vera minst 22 medlemmer tilstades. Difor oppmodar me alle medlemmer til å koma på årsmøtet. Årsmøtet er det høgste organet i laget, og då er det svært viktig at også **du** er med og tek avgjerd på korleis me skal driva laget framover. Me er i år 100 år, me skal ha stor NORDLEIK-stemme her, og i

tilllegg til dette må òg dei vanlege aktivitetane våre gå.

Husdrifta har gått godt dette året, og me fekk også 2/3 av STUI-midlane dette året, med lovnad om gode sjansar til å få resten i år 2000. Dette gjer at det stadig vert lettare å drive huset, og når fme etter kvart slepp å sova dårleg om netene på grunn av økonomiske problem, vert òg lagsarbeidet og økonomien der lettare å ha med å gjera.

La det nye årtusenet og det nye århundrede i lagslivet vårt bli ein inspirasjon for alle medlemmer til å gjera sitt til at me alle kan ha ein triveleg samlingsstad både for oss sjølve og for dei som kjem etter oss.

Godt jubileumsår!

Med helsing lagsstyret.

**INNKALLING TIL ÅRSMØTE I BUL
TORSDAG 10. FEBRUAR KL. 19:00
I REKTOR OLDENSGT. 17**

SAKLISTE:

1. Opning
 2. Godkjenning av innkallinga
 3. Godkjenning av saklista
 4. Val av 2 ordstyrarar
 5. Val av 2 møteskrivarar
 6. Val av to til å skrive under møteprotokoll
 7. Val av teljenemnd
 8. Årsmeldingar:
 - Hovudlaget
 - Særlaga og nemnder
 - Lagsbruket
 9. Rekneskap
 - Hovedlaget
 - Særlaga og nemnder
 - Lagsbruket
 10. Arbeidsprogram for 2000
 11. Årspengar for 2001
 12. Budsjett for 2000
 13. Innkomne framlegg.
 14. Val i samsvar med lagslovene.
- Lagsstyret:**
- Lagsleiar for 1 år
 - 1 AU medlem for 2 år
 - Styremedlemer som òg er leiarar for særlag og nemnder:
 - Leiar i lagsbruksstyret for 1 år
 - Leiar i leikarringen for 1 år
 - Leiar i barnelaget for 1 år
 - Leiar i teaterlaget for 1 år
 - Redaktør i «Holmgang» for 1 år
 - Leiar i studienemnda for 1 år
 - 2 varamedlemer for 1 år.

Nemnd- og særlagstyremedlemer:

Lagsbruksstyret:

- 2 styremedlemer for 2 år
- 1 styremedlem for 1 år
- Leikarringen:
 - 2 styremedlemer for 2 år
 - 2 varamedlemer for 1 år
- Teaterlaget:
 - 1 styremedlem for 2 år
 - 1 styremedlem for 1 år
- Studienemnda:
 - 1 nemndmedlem for 1 år
- Barnelaget:
 - 1 styremedlem for 2 år
- «Holmgang»:
 - 2 redaksjonsmedler for 2 år
- Hytte- og turnemnda:
 - Leiar for 1 år
 - 1 nemndmedlem for 1 år

Ettersynsfolk:

- 1 medlem for 2 år
- 1 varamedlem for 1 år

Valnemnd for årsmøtet i 2000

3 medlemer

Utendingar til årsmøta i RU og RM

Utendingar til årsmøta i NU og NM

Etter vedtektene til NU og NM må desse veljast på årsmøte eller eit lagsmøte for at dei skal vera gyldige. Dette vil seia at årsmøtet må velja desse med nok varamedlemer slik at me er sikre på at me har utendingar. NU-årsmøtet skal vera her i Stavanger i samband med Nordleik, og Noregs mållag har årsmøte 28. - 29. juli i Bergen. Både RU og RM har årsmøte helga 18. - 19. mars, RU i Skjold og RM i Sauda.

Alle medlemer som har betalt medlemspengane for 1999 og har vore medlem i meir en 3 månader har røysterett på årsmøtet.

Årsmelding for Hovudlaget:

Styret har hatt denne samansetjinga:

<i>Arbeidsutvalet:</i>		<i>Øvrige styremedlemmer:</i>	
Leiar:	Audun Aarflot	Inger Johanne Bull-Njaa (leikarringen)	
Nestleiar:	Oddbjørg Stave	Ingrid Skåtun (teaterlaget)	
Skrivar:	Kari Olaus Tveit	Oddvar Flatabø (lagsbruket)	
Medlem:	Nils Kårstad	Johannes Fotland (Studienemnda)	
1. varamedl.	Anne Marie Austarheim	Kjell Aareskjold (barnelaget)	
2. varamedl.	Halvard Helseth	Anna	Motland
(Holmgang)			
Revisorar:	Oddvin Emmerhoff og Magne Hope		

Arbeidsutvalet har hatt 6 møte og handsama 16 saker. I tillegg har det vore nokre reine arbeidsmøte.

Styret har hatt 10 møte og handsama 71 saker.

I 1999 er 78 (100) barnemedlemmer (3 - 14 år) fordelt på 35 stk. innanfor teatergruppene og 43 i dansegruppene, og 215 (214) vaksne som har betalt medlemspengane for dette året.. Tala i parantes er for 1999. Av dei vaksne betalende medlemene er det 21 som er med i PUH-gruppa vår, og 94 stk. under 25 år.

Heidersmedlemmer: Ole Johannessen

Lagslivet i 1999 har vore jamt over godt. Huset har vore bra utnytta, både til eigne aktivitetar, og til utleige. Det siste er det som gjev mest pengar inn i kassa for å kunna drive huset på ein forsvarleg måte. Stavanger og Sandnes swingklubb hadde måndagen som sin faste dag i vår, men i haust bytte dei dag til onsdagen etter avtale med laget. Dei nyttar for det meste Storsalen, og i Kjellarstova er det ei trimgruppe. Tysdagen er den mest nytta dagen for laget. Då er så godt som heile hovudetasjen oppteken av oss. Barnelaget frå kl. 17:30, så kjem PUH-gruppa vår, og deretter leikarringen og ungdomsteatergruppa. Med unnatak av første tysdagen i månaden då BUL-veteranane har samling, er Litlesalen er ledig frå kl. 20:00 dersom det er nokon i laget som har lyst til å starte opp ny aktivitet for dei som ikkje alt er opptekne med andre aktivitetar den kvelden. Kjellarstova er utleigd til ein ballettskule. På vårhalvåret var onsdagen kursdag, nybyrjarkurs eller vidaregåande kurs i gamaldans i Storsalen, men desse kursa vart flytta til måndagen no i haust. I vårhalvåret hadde me to barneteatergrupper, ei på onsdagane og ei på torsdagane, medan det i haust vart torsdagen for begge gruppene. Teaterlaget Timian som vanlegvis har hatt sine samlingar på torsdagskvelden, har diverre lege i dvale dette året. Laurdagen er den dagen dei aller fleste leigetakarane spør etter, og dei er ute i god tid, så all lagsaktivitet som skal vera med helga må no fastsetjast i god tid. Ellers kan me risikere at det ikkje er ledig den laurdagen me hadde tenkt. Dette er ein ny situasjon som me berre må venje oss til først best. All lagsaktivitet som går utanom dei faste øvingskveldane må no langtidsplanleggast.

Mange av medlemene har delteke aktivt i arbeid som må gjerast for at laget og huset skal fungere som ein god møtestad for oss alle, det vere seg på praktisk dugnadsarbeid inne i huset og utanfor huset, og med arbeid i planlegging og gjennomføring av ulike festar og samkomer. Me har ikkje ført nokon statistikk over tal på dugnadstimar, men det er svært mange er heilt sikkert. Stor takk for innsatsen til alle som har vore med på dette. Likevel har eg som leiar eit lite hjartesukk. Det er

altfor ofte dei same medlemmer som stiller opp gong etter gong og gjer ein framifrå innsats, men eg kunne godt tenkt meg at enno fleire kunne vera litt meir positive når det gjeld noko som skal gjerast til felles nytte og hygge for oss alle. Det verkar som om dei aller fleste ventar til tolvte time før dei, heller motvillige, seier ja. Er me alle med på og dreg lasset, vert alt så mykje lettare. Det vert mindre arbeid på mange, og ikkje minst vert me alle mykje betre kjende med dei andre medlemene når me gjer ein innsats saman.

Økonomien for lagsdrifta er god. Ikkje alt har gått som venta etter budsjettet, men me har ein sunn økonomi no til 100-års jubileet. På årsmøtet vart det avsett ein god del pengar til investeringar i nytt utstyr, spesielt lydanlegg. Dette har ikkje blitt innkjøpt i dette meldingsåret, men vil bli innkjøpt rett over nyåret. Dette kjem av at det er sjanse på å få gode tilskot til dette, men då søknadsfristen er i midten av januar, og utstyret må kjøpast i tildelingsåret, fann me det best å venta til år 2000.

Noregs Ungdomslag måtte enno ein gong til med eit medlemslotteri. Me fekk tildelt ein kvote på 1610 lodd, og 1372 av desse spreidde me mellom alle medlemene. Dei aller fleste har no levert inn oppgjeret, eller returnert lodda til laget, så me har ein netto på omlag kr. 7.500,-. (Me kunne ha fått ein netto på kr. 14.500,- dersom me hadde fått spreidd alle, og alle selde og sende oppgjer for dei). Takk til alle som gjorde ein innsats her. Så får me berre vone at me no ikkje får tilsendt meir slike lodd i framtida. Barnelaget hadde dette året 70-årsjubileum, og lagsstyret vedtok å gi alle dei som var aktive barnemedlemmer no i haust eit halvt års abonnement på Norsk Barneblad som jubileumsgåve.

Tilskipingar, møte og festar.

3. 1 **Juletreffest** i samarbeid med Stavanger komm. Musikk-korps)

3. 2 **Årsmøte.**

16. 2 **Framhald av årsmøte**

17.4. **Sendemannsfest** for Norske lagsbruk

17.5. **Fest.** Rømmegraut og spekemat var på menyen, og ellers godt program og Vibå spelemannslag sytte for god dansemusikk.

10.9. **Idrettsnatten i Stavanger.** Her vart alle organisasjonar i Stavanger innbedne for å delta i det som skulle vera oppstarten på år 2000-feiringa i Stavanger. Alle lag og organisasjonar fekk plass rundt Vågen, og på torget var det ulike former for underhaldning. BUL stilte med ein stand der, og spreidde flygeblad med informasjon om laget og kva me har å tilby av aktivitetar for små og store. Leikarringmedlemmer og medlemmer frå «Vibå» sytte for dans og musikk, i tillegg til litt hermetisk musikk, og me freista, ikkje alltid like vellukka, å få forbi-passerende med på dansen. Då gjorde nok vaflene og lappane større lukke, for sjølv om vêret var bra, så vart det etterkvart litt kaldt utover kvelden.

16.-17.10. **Brukskunstmesse**

Brukskunstmessa har no kome i fastare form. Dette året var det enno fleire som ville delta på messa vår, heile 31 stykke, og då dei fleste i år ville ha større plass, vart salen full. Òg i år vart det kjøpt inn fleire leveggar som me nyttar til skiljeveggar, så no er me sjølvhjelpete og slepp å dra på bygda for å

låne. Trass i denne investeringa vart det likevel eit overskot på vel kr. 36.600,-. Dette òg takka vera god innsats frå medlemene som hadde laga og gjeve ting som BUL selde på eigen stand, og ikkje minst kafèsalet.

28.10. «**Vaagestykke med felespelar**» Program- og bokkveld der skodespelaren Hallgjerd Byrkjeland og fiolinisten Ørjan Sætran i ein times program tok oss med inn i diktinga til Sunnhordlandsdiktaren Ragnvald Vaage. Dagfrid Søyland kom frå Rogaland Mållag og viste og selde nynorske bøker. Ein triveleg kveld, men det kunne vore ein god del fleire en dei omlag 20 frammøtte.

6.11 **Års- og leikfest.** «Jæren frilynde» spela til dansen, og underhaldninga hadde eit breitt spekter alt frå skersjar til framsyning av afrikansk/arabisk dans (magedans). Omlag 100 born og vaksne var tilstades.

27.12. **Romjulsdans.**

Godt frammøte, «Gnagsaaret» sytte for musikken. Underhaldning ved lagsmedlemer.

Elles har dei ulike særlaga og gruppene hatt ulike festar og samkomer.

Utsendingar:

Årsmøtet i Rogaland Ungdomslag: Johannes Fotland, Bjørg og Oddvar Flatabø, Anne Marie Nerby, Torill Stordalen, Ingrid Skåtun.

Årsmøtet i Rogaland Mållag: Audun Aarflot, Audun Rosland, Atle Røe, Atle Nordbotten.

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag: Audun Rosland, Roger Strand, Dag Jostein Nordaker.

Årsmøtet i Noregs Mållag: Ottar Vandvik

Leiaropplæring:

Koreografi: Inger Marie Kjellevold

Storkurs i RU på Karmøy: Anne Lise Tveitane, Anne Marie Nerby, Anne Møll, Odd Svendsen, Berit Fuglestad, Rune Eliassen, Randi R.Eliassen, Inger Lise Dahl.

Sommarkurs i NU på Møre folkehøgskule, Ørsta.

Anne Lise Tveitane, Torill Stordalen, Arvid Haga, Inger Lise Dahl

Verv i andre nærskyldte lag:

Rogaland Ungdomslag:

Bunadsnemnd Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Ragnhild Ødegaard,

2. styrevaramedl.: Eli Olsen

3. styrevaramedl.: Inger Marie Kjellevold

Ettersynsfolk: Magne Hope
Oddvin Emmerhoff

Rogaland Mållag:

Ettersynsmenn: Audun Aarflot

Noregs Ungdomslag:

Leiar teaterrådet Kristin Barvik

Det Norske teatret: Ottar Vandvik, styremedlem

BUL-folk i nemnda for NORDLEIK 2000:

Hovudkomité:

Leiar	Roger Strand
Programsjef	Dag Jostein Nordaker
Økonomiansvarleg	John Olaf Grimstvedt
Ansvarleg handikapdans	Anne Marie Nerby
Skrivar	Anna Djuvik Kro

Programnemnd:

Leiar	Dag Jostein Nordaker
	Anne Marie Nerby
	Målfrid Grimstvedt

PR-nemnd:

Jan Finjord
Ottar Vandvik

Nemnd for «Vi kan»:

Leiar	Anne Marie Nerby
	Anne Møll
	Anne Nordbø Nymark.

Det er dessutan i løpet av dette året kome til ein heil del fleire i ulike undernemnder, og det vert nok endå fleire etterkvart som datoen for sjølve Nordleik-stemna nærmar seg. BUL-medlemer må nok rekne med å gjera ein god innsats her.

Kurs i grunnskulen i 1999:

Januar Harestad skule

Årsmelding for Barnelaget.

Styret har vore samansett av: Leiar: Kjell Aareskjold
 Berit Fuglestad
 Lene Aareskjold

Styret har hatt 3 styremøte pluss nokre telefonmøte

Instruktørar:

Barneteaterskole:

Randi Bentzen (onsdagsgruppa) Kari Elisabet Wathne (torsdagsgruppa)
31 øvingar pluss to helgeøvingar.

Barneleikarring:

Marit Svendsen Edel Tykhelle (vår)
Anne Lise Tveitane Hilde E. Løknes
16 øvingar i vår og 15 i haust, medrekna avslutningane
Spelemann: Jan Knutsen.

Framsyningar:

«Ladies Circle International Conference 1999», ei verdskonferanse med 800 deltakarar som var samla i Bjergsted. 16 stykke frå den eldste gruppa deltok med støtte frå to instruktørar og leiaren i Barnelaget. Svært god respons frå publikum.

Turar og stemner:

Fylkesstemne for born på Nærbø 4. - 6. juni. 16 born og 3 leiarar reiste.

Tur til Valle på munnharpefestival 1. - 3. oktober.

Barneteatergruppene har hatt tre eigne framsyningar av stykke dei har øvd inn, og i tillegg delteke to gonger på andre arrangement.

For styret i Barnelaget
Kjell Aareskjold

Årsmelding for Leikarringen.

I 1999 hadde leikarringen 36 øvingskveldar, 21 i vårhalvåret og 15 i haust. Som vanleg var øvingane i Siddis-stova, tysdagane kl. 20 - 22. Inkludert i desse finn vi seks fellesøvingar med Klepp og Sandnes, fire temakveldar og eit førebauande årsmøte. To av temakveldane vart det informert om Nordleik 2000. Ellers tok vi opp aktuelle saker, m.a. søndagsdansen. Frammøtet på leikøvingane har vore godt.

Anne Marie Nerby og Dag Jostein Nordaker var instruktørar i vårhalvåret. Dag Jostein har permisjon hausten -99 og våren 00 grunna arbeidet med Nordleik 2000. Anne Marie hadde ansvaret for instruksjonen i haust, men ho fekk avlastning nokre kveldar av Arvid Haga.

Det er registrert omlag 65 betalande medlemmer i leikarringen i 1999.

Gaute Hadland har vore fast spelemann, av og til med forsterkingar frå "Vibå".

Søndagsdansen:

Leikarringen har arrangert 10 folkedans- /gamaldanskveldar i Siddis-stova i 1999, 5 kvart halvår. Årsmøtet i fjor oppmoda leikarringstyret til å drive meir PR for dansane. Vi har gjort det vi kunne. Det har likevel vore varierende interesse for desse kveldane. Frammøtet på nokre av dansane har ikkje vore større enn at vi snau nok har fått dekkja omkostningane. På eit av temamøta i haust bad vi medlemene kome med skriftlege tilbakemeldingar på søndagsdansen. Mange har meiningar, og det kom ulike forslag til endringar. Det nye styret bør arbeide vidare med saka.

Musikk til søndagsdansen:

Vibå Spelmannslag	Jæren Frilynde
Tri-Firoen	Gnagsaaret

Framsyingar:

- 9. mai: Aaseheimen aldersheim i Sandnes. Vi var utan spelemann, så det blei mykje songdans og «boksemusikk», men bebuarane var svært nøgde.
- 17. mai: På Rogaland Sjukehus og i Byparken. I folkeetoget hadde BUL eit velukka innslag med lurblåsarar, ponny og mange dansarar. Mykje applaus frå tilskodarane!
- 23. juni: Cruisebåten «Norwegian Dream». Edvard Rinde var spelemann. Trass i lita scene og trått golv, gjekk det stort sett greidt.
- 2. November: PUH haustfest i Siddis-stova

Andre tilstellingar:

- 2. mai: Tur til Høg-Jæren: Holmavatn - Synesvarden - Steinkjeringa. Omlag 20 unge og gamle hadde ein triveleg tur i fint vår.
- 4. juni: Deltaking på fest med Hinna Kammerkor.
- 8. juni: Sommaravslutninga for leikarringen til Lindøy vart avyst grunna store nedbørsmengder.
- 10. sept: Idrettsnatt i Stavanger. Oppstarten til 2000 årsfeiringa. Alle organisasjonane i byen var inviterte. Vi stilte med spel, dans og lappar. Takka varma ikkje berre lappane, men òg kalde felefingar.
- 1. okt.: Songdanskveld. Omlag 25 var møtt fram til ein inspirerende kveld leia av Dag Jostein Nordaker. Dette freista til gjentaking.
- 6. nov.: Års- og leikfest. Leikarringen var med å skipa til ein vellukka fest.
- 7. des.: Nissefest. Ei koseleg juleavslutning med risgraut, julenisse, underhaldning og dans.

27. des.: Romjulsdans. Leikarringen var med å skipa til ein vellukka dansefest.

Deltaking på kurs og møte:

12. - 13. febr.: Storkurs på Karmøy: Randi Rokstad Eliassen og Torill Stordalen deltok på aspirantkurs. Rune Eliassen deltok på organisasjonskurs og Anne Marie Nerby var på instruktørsamling.

Nordleik: Fleire av leikarringen sine medlemmer er aktive i utval og komitèar i samband med Nordleik 2000.

Bunadutleige: (Rapport frå bunadkontakten 1999)

I år har me hatt utleige i alt 36 gonger og utlån til framsyningar i alt 3 gonger, med fylgjande fordeling:

	Utleige	Utlån
Herrebunad	19	3
Kvinnebunad	11	0
Krone u/bringesølv	5	0
Brurebunad	0	0
Berre skjorte	1	0
Sum	36	3

Brurebunad, krone og tre bunader har i tillegg vore utlånte til utstilling på brukskunstmessa i BUL.

Utført vedlikehald/innkjøp i 1999.

- Kjøpt ny herrebunad i staden for M11 (bestilt 1998, fått våren -99)
- Kjøpt to nye kvinneskjorter
- Kjøpt garderobeposar til frakt av bunader

- Avtala kjøp av ny herrebunad frå kurs 1999/2000 (med raud trøye)
- Skifta linningar på kvinnebunad D4 og D5

Status årsskiftet 99/00

Leikarringen har i alt 5 herrebunadar til utleige, av desse ein ny som var ferdig våren 1999. Ein 6. bunad er bestilt i år. I tillegg har vi 3 kvinnebunadar, 1 brurebunad, krone med bringeduk og belte, samt 4 par skor og ein hatt. Vi har ikkje lenger ekstra skjorter. Det er løyvt pengar til skifte av brurebunaden, men dette er ikkje starta opp. Dei andre bunadane er i brukbar stans

Bunadutleigar: Hege Dirdal

Styret har i 1999 vore slik samansett:

Leiar: Inger Johanne Bull-Njaa

Nestleiar: Edel Tykhelle

Skrivar: Torill Stordalen

Kasserar: Rune Eliassen

Styremedlem: Margrete Tytlandsvik

1. varamedl. Paul Lyse
2. varamedl.: Olav Kvig

Årsmelding for BUL-veteranane

BUL-veteranane har hatt 7 møte i meldingsåret.

- 10.2. 17 personar møtte fram. Opplesing (av Ajax) ved Kari Selvik. Erling Skurtveit las opp frå boka «Av jord er du komen», skriven av Ragnvald Vaage. Erling Skurtveit fortalde òg om tyskaren som under første verdskrig gifta seg til garden Hengjane i Lysefjorden. Han var ein flink arbeidskar, men han dreiv òg med ulovleg verksemd, som heimebrenning og tjueri.
- 3.3. 12 personar kom til «Kaffistova» i BUL denne kvelden. Tidlegare lege og politikar Lars Våge hadde kåseri om familien Hansen som dreiv handel på Skagen i Stavanger. Me fekk eit godt innsyn i familien Hansen sitt liv i gode og dårlege tider.
- 7.4. Me var 18 personar samla denne kvelden. Erling Skurtveit orienterte om dei mange turane som Stavanger turistforening har på sitt program for 1999. Han tok oss også med på ein «tur» til Lingvang - ein nedlagt gard på nordsida av Hylsfjorden. Ellers las han opp tre morostubbar av Per Inge Torkelsen, alle frå årboka til STF 1995.
- 7.9. 15 personar møtte fram i Litlesalen. Erling Skurveit fortalde frå ein tur til Kløv, Helgaland og Trodla-Tysdal. Han las òg opp eit gammalt kårbrev frå 1899. Dette var no lenge før alderstrygda kom, så dei gamle på gardane måtte få ein viss del av det som garden gav, og dei måtte sikre seg husvære.
- 15.10. 12 personar kom saman denne kvelden. Kari Selvik las opp ei forteljing av Ajax. Erling Skurtveit fortalde om militære straffemetodar på 1700-talet, og om «Klaffetelegrafan» som forsvaret brukte frå 1807 - 1814. Han las òg opp ei forteljing om då meistertjuven Ole Høiland rømde for siste gong frå Akershus festning.
- 2.11. 17 personar møtte fram. Synneva Solli fortalde om ein tur ho og mannen hadde til Hellas hausten 1999. Det var ein kombinert fot- og busstur. Fint ver og mykje fint å sjå. Annfred Solli fortalde om Olympia i oldtida, og om gudane i den greske mytologien. Ein lærerik kveld.
- 7.12. Me var heile 23 personar samla denne kvelden. Njål Valla tok oss med på «tur». Eit program som han kalla «Langs Ryfylkevegen i ord og bilete». Han starta ved Lysefjorden og tok oss med heilt til Jøsenfjorden. Eit godt program med fine bilete.

På alle møta våre har me hatt kaffi og litt å bita i, og mykje drøs.

Erling Skurtveit.

Årsmelding for studienemnda.

Studienemnda 1999:

Leiar: Johannes Fotland
Bjørg Flatabø
Norunn Idsø

Gjennomførte studietiltak våren 99:

Gamaldans, vidaregåande	20t	27	deltakarar		
Gamaldans, påbygging vidaregåande	12t			15	deltakarar
Rekkedansar	6t	17		deltakarar	
Treskjering, karveskurd	20t	4	deltakarar		

Andre aktivitetar som vart innmelde som kurs i NU:

PUH-gruppa	30t	22		deltakarar	
Timian ungdomsteater	38t	10	deltakarar		
Leikarringen	42t	80		deltakarar	

Kurs som vart avlyste på grunn av manglande påmelding:

Mat av vårens ville vekstar, lefsebaking,

Gjennomførte studietiltak hausten 99:

Gamaldans, nybyrjarar	20t	16	deltakarar		
Rørspols	13t	29	deltakarar		
Suldalsspringar og Vossarull	13t	18	deltakarar		
Lefsebaking	12t	9	deltakarar		

Avlyste kurs:

Kreativ toving, Treskjering, bygging av langeleik, rekkedansar

Andre aktivitetar:

PUH-gruppa	22,5t	23		deltakarar	
Timian Ungdomsteater	30t	11	deltakarar		
Leikarringen	30t	84		deltakarar	

Kurs som er arrangerte av studienemnda totalt i 1999: 8 kurs
135 deltakarar

Årsmelding for teaterlaget «Timian».

Styret i arbeidsåret har vore:

Leiar:	Ingrid Skåtun
Styremedlem:	Barbro Vanvik
Styremedlem:	Gunn Thelin Knutsen

Teaterlaget har dette året lege i dvale. Dei aller fleste medlemene som har vore aktive, har takka for seg av ulike grunnar. Det er likevel von om at det med tid og stunder kan vakne til liv att, sidan det er eit godt rekruteringsgrunnlag i ungdomsteatergruppa og barneteateret.

Ingrid Skåtun

Årsmelding for ungdomsgruppa i «Timian»

Leiar og instruktør: Inger Marie Kjellevold

Nestleiar og tekstforfattar: Elisabeth Andreassen.

Vi er 11 medlemmer i gruppa, og øver framleis kvar tysdag. I haust har me lagt øvingstida til 18:30 - 20:30 på grunn av at instruktøren har hatt andre oppgåver.

Tysdag 25. mai viste vi eit stykke skrive av Elisabeth Andreassen etter ein ide frå heile gruppa. Stykket kalla vi «Ungdomen av i dag». Dette stykket vart vist for foreldre, søsken og kjende som avslutning på vårsemesteret. Denne hausten har vi jobba fram mot Ungdommens kulturmonstring som har den lokale monstringa i Bjergsted 29.1. 2000. Timian ungdomsgruppe skal vise eit utdrag frå stykket «Ungdomen av i dag».

I haust har vi vore så heldige å få med tre gitar frå musikkskulen i Stavanger. Det er Espen gitar, Halvard bass og Thomas trommer, samtmusikklæraren deira Felipe. Det er eit stort pluss for ungdomsgruppa å få med desse flotte muskarane. Av den grunn blir det også øving frå 20:00 til 20:30 fram til 29.1. Vi vonar at de andre i BUL har forståing for dette og ber over med at vi øver denne halvtimen medan dansen pågår.

Instruktøren går for tida på eit vidaregåande regikurs. Dette er ei kursrekke som starta april -99 og vert avslutta mars 2000. Kursleiar er Bjørn Ravn Karlsen (Rogaland teater) i regi av Rogaland Amatørteaterråd. To av medlemene våre, Anne G. Holter og Ann Elin Ørland er også påmelde til eit skodespelarkurs (2 helgar) med same instruktør.

Til slutt ei takk til Magne Hope som også denne gongen hjalp oss med teknikken (lyd, lys) då vi hadde forestillinga vår den 25.5.

Inger Marie Kjellevold, Leiar.

Årsmelding for Hytte- og turnemnda.

Med i hytte- og turnemnda i 1999:

Leiar: Reidar Sand

Ingvild Seland, Magne Hope, Jone Dirdal

Besøkstalet for hytta ved Giljastølen har vore labert dette året. Det er registrert ca. 15 overnattingar i løoet av året. Ved dugnadsinnsatsen sist haust vart det rydda god og brei sti i lyngen dei siste 100 metrane frå nabohytta og bort til BUL-hytta. Ellers er det også rydda litt rundt hytta i løpet av året.

Ingvild Seland

Årsmelding for PUH-gruppa

PUH-gruppa har i 1999 hatt 35 øvingar på tysdagskvelden frå kl. 18:30 - 20:00, 20 kveldar om våren og 15 kveldar om hausten.

Gruppa tel 23 betalande medlemmer pluss ledsagarar

Instruktørar har vore Olaug Eltervaag og Anne Møll.

Vi har hatt to framsyningar på Torsdagsklubben til Stavanger kommune (1 i vår og 1 i haust). I april arrangerte vi i BUL saman med Stavanger kommune fritid, folkedanssamling for alle PUH-gruppene i fylket med 175 deltakarar. Første helg i juni

var vi 14 stykke som deltok på Fyrfestivalen i Egersund. Der hadde vi framsyning på kulturkvelden fredag, og på torget laurdag.

På sommaravslutninga 8. juni fekk vi besøk av ei PUH-gruppe frå Kviteseid i Telemark. Då var det pizza, brus, sang og dans for 75 stykke.

3. oktober var vi 24 stykke som reiste på folkedanssamling i Skudeneshavn. 30. november var det tradisjonell juleavslutning med risgraut, kaffi, kaker og gaveutdeling. 47 stykke var påmelde, mellom desse vår nye spelemann Jan Kristian Runestad på 19 år.

Anne Møll

Årsmelding for «Holmgang»

Medlemene i redaksjonen har vore:

Anna Motland (redaktør)
Fred Jensen
Birgit Aadland
Monica Sanne-Gundersen
Barbro Vanvik

Bladet har kome ut med 5 nummer, tre i vårhalvåret og to på hausten, slik tradisjonen har vore dei siste åra. Vi har hatt 9 redaksjonsmøte for å førebu og ferdigstille bladet, og vi sparde faktisk to møte avdi Birgit ein gong, og lagsleiaren Audun ein annan gong, tok på seg å klistre adresselappar og sende avgarde bladet i posten på eiga hand før vi andre hadde fått summa oss! Takk skal de ha. Audun har heile året teke seg av trykkinga av bladet.

Vi har frå redaksjonelt hald prøvd å vinkle stoffet litt i retning det historiske dei siste to åra, med blick på store menn på veggen og dei ymse lokala innanfor og utanfor bykjernen. Dette trur vi kan ha verdi ved eit årtusensskifte og like før hundreårsmarkeringa i laget. Elles har vi sjølv sagt teke inn alt stoff som har kome frå medlemene - det kunne ha vore meir, men vi er glade for det vi har fått, og no i det siste jamvel òg litt debattstoff. Samarbeidet i redaksjonen har vore både hyggeleg og fruktbart

Anna Motland

Årsmelding for Lagsbruket

Lagsbruket si samansetjing i 1999 har vore desse:

Lagsbruks-styret har hatt denne samansetjinga:

Leiar: Oddvar Flatabø
Nestleiar: Jan Dalene
Kasserar: Oddmund Heskestad
Skrivar: Helge Ødegaard
Styremedlem: Ingen. (Lagsbruksstyret fekk fullmakt til sjølv freista å finna ein femte medlem utan å lukkast).

I fyrste tida etter årsmøtet måtte vi i lagsbruksstyret sjølv ta oss av driftsleiarfunksjonen, då det viste seg vanskeleg å finna nokon som ville ta på seg

denne oppgåva. Etter påske fekk vi til ei mellombels ordning, som enno pågår.

Driftsleiarstillinga er ei deltidstilling, og er saman med reinhald, heilt sentral dersom laget i det heile skal makte å drive huset. Berit, Marit og Wenche er dei einaste vi har eit tilsetjingsforhold til. Takk til dei for godt arbeid.

Det er også like klart at utan hjelp frå dei av lagsmedlemene som har bruka av fritida si til å halde eigedomen vedlike (hus og uteareal), hadde ikkje driftsrekneskapen for huset vore såpass som han er. Eg nemner med vilje ikkje namn her, men ein stor takk til dykk som har delteke i større eller mindre grad.

Lagsbruksstyret har møtt fast i Siddis-stova ein gong i veka, med unnatak av sumaren, men har berre i den grad det har vore nødvendig, hatt dette som styremøte med protokollføring. Har bruka desse kveldane til praktiske gjeremål. (kall det gjerne dugnad) Alt utfrå kva tid den enkelte i styret har hatt, har vi også brukt mange timar utover dette til daglege gjeremål. Ikkje minst har mangelen på lagerrom og utstyr medført ekstra arbeid, sjølv om vi har fått betra dette i løpet av året.

I budsjettet som vart vedteke på årsmøtet i fjor la vi opp til drift av huset som om vi heller ikkje dette året ville få utbetalt noko av STUI-midlane, og dreiv huset i tråd med dette. Når vi no likevel vart tildelt kr. 627.000,00 med tilsagn om at me seinare vil få kr. 373.000,00, slik at laget totalt vil få 1 mill. kroner frå STUI, er det klart at økonomien etter kvart betrar seg. STUI-midlane er no komne på bok, og vi vil brukedesse til å betale ned lånet.

Drifta:

Utgifter: Har i 1999 hatt løna personar som har teke seg av utleigedelen og vask av huset. Andre viktige postar på utgiftssida har vore innkjøp av utstyr for å kunne ivareta utleiga på ein enklare måte. Vedlikehald (måling) er òg med her.

Inntekter: I dette året har vi hatt dei same leigetakarane som i 1998. Rogaland fylkeskommune (St. Svithun vidaregåande skule) hadde kontrakt til sommaren 1999, men i møte med dei har vi kome til avtale om at denne går vidare år for år. Når det gjeld utleige til private, har nok det lege på stort sett same nivå som for 1998.

Handlingsplan for 1999: (kommentarar til denne)

1. Når det gjeld marknadsføring av Siddis-stova, har vi ikkje fått laga eigen faldar, men vi har fått lagt det ut på internett (<http://www.robin.no/~bulstav>)
2. STUI-midlane har vi fått 2/3 av, og etter bervet frå fylkeskommunen kan vi rekne med å få resten dette året.
- 3: HMS-opplegget; her må vi med skam seie at vi ikkje har fått utført det vi hadde planar om, men dei punkta som det var krav om for endeleg ferdigattest frå kommunen er utført.
4. Huset vart beisa som planlagt, delvis med bra oppslutnad frå medlemene. Me må vel ellers retta ei stor takk til han som har ansvaret for vêret, for beisinga gjekk over 4 tysdagar med fint vêr, sjølv om det regna både før og etter.
5. Full vask av huset. Her står vi nok noko tilbake, ettersom vi ikkje har makta det.
6. Vi har kjøpt inn/fått: Meir kjøle- og fryseutstyr til kjøkenet. Oppvaskmaskiner til kjøken i Vetlesalen og Kjellarstova. Ny moppvaskar. Jan har laga triller for borda i salane oppe.
7. Har derimot ikkje kjøpt meir bord og stolar, men har utvida noko når det gjeld utstyr på kjøkena.

Handlingsplan 2000. (framlegg til oppgåver)

Drifta av huset er ein prosess, slik at dei fleste aktivitetane vil pågå stadig, medan andre vil kome tilbake med års mellomrom. Det er difor naturleg å setje opp arbeidsprogrammet for år 2000 med programmet for 1999 som utgangspunkt.

1. Arbeide for å få tilsett fast driftsleiar, og også knyte til oss nokon som kan ta på seg vaktmeisteroppgåver.
2. Ferdigstilling av HMS-opplegget for laget. I dette ligg utarbeiding av ordensreglar, instruksar og rutiner for ulike arbeidsopposisjonar.
3. Full vask av huset. Det byrjar å samle seg støv og skit i krikar og krokur, så her må vi brette opp armene medlemer. Dette blir spesielt viktig i år som vi skal arrangerer Nordleik 2000. At vi dessutan skal jubilere, tilseier ein skikkeleg rundvask!
4. Skaffe meir bord og stolar, slik at vi har nok til full oppdekning i heile huset. vidare syte for å få lage fleire stoltraller til å ha under hovudscenen.

For lagsbruksstyret, Oddvar Flatabø, leiar.

Sak 10: Arbeidsmål for BUL-Stavanger for 2000

(Ikkje i prioritert rekkefølge, då alle i grunnen er like viktige)

A. Styrke organisasjonskunnskapen mellom dei tillitsvalgte.

Dette ved å:

- Få flest mogleg motiverte til å delta på kurs skipa til av fylkes- eller landslaga våre.
- Ha eigne interne kurs for tillitsvalgte og andre interesserte medlemer.
- Lage til ei eiga handbok for alle tillitsvalde i BUL.

B. Halde vedlike og styrke aktivitetane som me driv i dag i BUL.

Dette ved å:

- Motivere medlemene til å gå på leiar/instruktørkurs skipa til av fylkes- og landslaga våre, eller kurs som andre organisasjonar skipar til innan for aktuelle emne.
- Legge tilhøva best mogleg til rette for desse aktivitetane, her gjennom eit nært samarbeid mellom dei ulike interessegrupper for å sleppe interne kollisjonar.

C. Gje rom for andre og nye aktivitetar som det er naturleg for BUL å drive på med, dersom dette er eit ynskje mellom medlemene.

I dag er det snaut halvparten av medlemsflokket som går aktivt i eit av særlaga våre. Dei andre medlemene har ikkje BUL noko konkret tilbod til utanom ein og annan fest, og kontakta dei får med laget via "Holmgang". Skal me for framtida halde på desse medlemene må me òg ha tilbod til desse innanfor deira interesseområde.

D. Styrke profileringa av BUL som ein kulturorganisasjon, og at laget viser betre att i det mangfaldige kulturlandskapet i Stavanger, også i lokalmiljøet.

- Utarbeide og spreie flygeblad, faldarar m.m. som viser kva laget er og står for.
- Få fast Internettside, og organisere oppfølging av ho.
- Ha nær og god kontakt med massemedia for meldingar om kva som rører seg i laget.
- Ta tak i aktuelle saker som vedkjem nærmiljøet vårt (Madla/Tjensvoll m.m.).

- Reform -97: Legge tilhøva tilrette for å marknadsføre den norske folkedansen i grunnskulen. Lære opp fleire instruktørar for denne oppgåva.

E. Vidareutvikle og halde vedlike HMS-arbeidet i laget.

- Sørgje for at alle tillitsvalde har kjennskap til og kunnskap om HMS.
- Gjere HMS arbeidet og HMS krava kjent mellom medlemene.

F. Arbeide for ei allsidig medlemsrekruttering til laget.

Dette ved å:

- Ha gode og allsidige tilbod, og eit ope og godt miljø der dei nye medlemene vil føle seg velkomne.
- Freiste å gjere betre kjent kva me kan tilby i laget vårt.
- Freiste å få eit betre tilbod til ungdomsgrupper i laget.

Sak 11. Årspengar for 2001.

Styret gjer framlegg om uendra satsar

Sak 13. Framlegg til vedtak for årsmøtet i BUL 10.2.2000.

Årsmøtet bed det nye styret straks å setje ned ei nemnd på 3 medlemmer som skal gå gjennom vedtektene våre med tanke på å redusere dei tillitsverv som skal veljast på årsmøtet i laget. Dessutan òg å få bort verv med dobbelt funksjon som leiar i særslag/nemnder samstundes som ein òg er styremedlem i BUL.

Framlegget til vedtekstendring må takast opp til avgjerd på eit omframt årsmøte som må haldast seinast til hausten for at det neste ordinære årsmøtet år 2001 kan gjera vala i samsvar med dei eventuelt endra vedtektene.

Grunngjeving:

BUL har no omlag 200 vaksne medlemmer. Av desse er det 49 tillitsverv som skal veljast på årsmøtet i laget, altså 1/4 av medlemsmassen. **Er ikkje dette i det meste laget?**

Vi har sett dei siste åra at det er svært vanskeleg for valnemnda å finna medlemmer som vil ta på seg spesielt leiarverv i særslaga/nemndene sidan desse òg vert valde som styremedlemmer i lagsstyret, og dermed får ein dobbelbelastning. Dessutan er ordninga me har i dag lite tenleg då ein i verste fall kan risikere at heile lagsstyret med unntak av ein medlem vert skifta ut. Dette fordi alle styremedlemene i lagsstyret med unnatak av dei direkte valde AU-medlemene berre blir valgd for 1 år. Dette gjev dårleg kontinuitet i styret.

Det bør òg vurderast om alle verva må veljast på eit årsmøte, eller om mange heller kan bli oppsette som reine arbeidsgrupper etter som det er trong for det.

Ordninga me har i dag er frå den store omlegginga på slutten av 70-talet. Ideen bak denne er nok god, nemmeleg at det skal vera god kontakt mellom hovudlaget og dei ulike særslag/nemnder, men dette kan sikkert ordnast på ein annan måte også. Det som er meir viktig i dag er ein meir formell struktur mellom lagsstyret og lagsbruksstyret, då lagsdrifta og lagsbruksdrifta grip svært mykje inn i einannan.

I dag har me eit arbeidsutval som omfattar lagsleiar og 3 medlemmer. Desse utgjer lagsstyret saman med 6 stykke som òg er leiarar i særslaga og ulike nemnder + to varamedlemmer. Det er verd å merke seg at slik ordninga er i dag er det vedkomande som er **leiar** i særslaget/nemnda som er valgd som lagsstyremedlem, og **ikkje** ein annan frå desse styra. Kan ikkje særslags-/nemndleiarar møte, er det dei direkte valde varamedlemene som har røysterett, og ikkje den som møter i staden.

Min idé er at lagsstyret vert endra frå 10 til 5, der lagsleiarar som no vert valgd for seg. Lagsstyret konstituerer seg sjølv etter årsmøtet med nestleiar, skrivar, kasserar og studieleiar. Nemnd(er) for å ta seg av det praktiske med gjennomføringa av dei ulike studietiltak kan nemnast opp av lagsstyret. Lagsleiar og lagsbruksleiar har møterett i det andre styret, og alle større saker som berører både lags- og lagsbruksdrifta skal takast opp i eit samla lags- og lagsbruksstyremøte. Ein til to gonger i halvåret bør det vera samrådsmøte mellom lagsstyret og representantar for dei ulike særslaga for å koordinere dei ulike aktivitetane, og for å diskutere arbeidet generelt i laget. Her kan då i prinsippet kven som helst frå særslagsstyret møte.

Må så alle nemndene veljast på årsmøtet i hovudlaget? Me har no i tre år hatt brukskunstmesse, eit tiltak som har hatt utruleg mykje å seia for økonomien i laget. Hovudnemnda for denne vart i si tid oppnemnd av styret, og deretter har nemnda fungert godt og sjølv funne andre etterkvart dersom det var ein som måtte melde forfall av ulike grunnar. Kan tilsvarande gjerast for Hytte- og turnemnda, og for «Holmgang»? (Studienemnda har eg kommentert før). Kan særslaga som har eigne vaksne

medlemer som leikarringen og teaterlaget velja sine sjølv, og berre få valet godkjent på årsmøtet eller lagsstyret, og i så fall, bør særlagsårsmøta vera før eller etter hovudårsmøtet? Kva med barnemedlemene våre, korleis kan barnearbeidet organiserast og koordinerast på best måte? Vil det vera meir naturleg at dette arbeidet kjem under leikarringen for det som går på folkedans, og teaterlaget for barneteatermedlemene?

Kan me få redusert talet på verv som skal veljast på årsmøtet, vil dette både gjera det lettare for valnemnda, og gjera at årsmøtet kan verta avvikla raskare.

Dette er litt av det eg meiner ei lovendringsnemnd bør sjå på, og så blir det opp til eit omframt årsmøte å ta stilling til det.

Audun Aarflot

B

Returadresse: Bondeungdomslaget, P.b. 451 Madla, 4090 Hafrsfjord

Program vidare framover:

Tysdag	1.2.	BUL-veteranane	22. - 24.9.
Torsdag	10.2.	Årsmøte	100-årsjubileumsfeiring i BUL
11.2. - 13.2.		Storkurs i RU i Stavanger	18.11. - 19.11. Brukskunstmesse i BUL
Søndag	20.2.	Folkedanskveld. «Jæren frilynde» spelar	
Tysdag	7.3.	BUL-veteranane	Planlagde kurs i BUL for våren 2000
18. - 19.3..		Årsmøte i RU i Skjold Årsmøte i RM i Sauda	4. - 6.2. Kurs i Nordiske folkedansar Spesiell vekt på danske dansar, med eigen lærar frå Danmark.
Søndag	19.3.	Folkedanskveld «Gnagsaaret» spelar	
Tysdag	4.4.	BUL-veteranane	
Søndag	9.4.	Folkedanskveld «Tri-firoen» spelar	Folkedanskurs, vidaregåande, 6 måndagar kl. 19:30 - 21:30. start 14.2.
Søndag	25.4.	Folkedanskveld	
Tysdag	2.5.	BUL-veteranane	17.3.- 19.3. Telespringar og Gangar Instruktør: Karin Brennesvik
Onsdag	17.5.	Folketoget, markering av 100-års jubileet. Fest om kvelden i Siddis-stova.	
Søndag	28.5.	Folkedanskveld «Vibå» spelar	Påmelding til kursa til Björg Flatabø, tlf. 51 56 00 54 Johannes Fotland, tlf. 51 55 31 94 Fax: 51 55 95 16 eller på oppslagstavler i Siddis-stova.
4. - 9.7.		Nordleik i Stavanger og NU-årsmøte	
28. - 29.7.		Årsmøte i Noregs Mållag i Bergen.	